



Arkivsaknr: 2025/13774-1
Sakshandsamar: Kristin Moe
Avdeling: Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Verbalpunkt om alternativ til MOT-programmet i skulen

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Utval for levekår	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Førebyggjande arbeid i skulen blir arbeidd med innfor dei allmennpedagogiske rammene i skulen. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren legg til rette for samarbeid mellom skulane, elevråda og Ung Alver om korleis dette arbeidet skal organiserast og driftast. Kommunestyret ber også om at utval for levekår blir orientert om utviklinga i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd og utval for levekår

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Saka er ei oppfølging av verbalpunkt 3 knytt til politisk sak 214/2023: Handlingsplan- og økonomiplan 2024-2027, fatta av kommunestyret 14.12.2023:

3. MOT-programmet

Kommunestyret ber kommunedirektøren komme attende med ei sak med forslag til tiltak i skulen som alternativ til MOT-programmet.

Verbalpunktet vart diverre ikkje svart ut i 2024, og i samband med at avvikling av MOT ligg inne som eit innsparingstiltak i framlegg til økonomiplan for 2026-2029, blir dette verbalpunktet lagt fram for politisk handsaming i desember 2025.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Ved kommunesamanslåinga vart det avtalt å vidareføre MOT som eit førebyggjande tiltak knytt til skulemiljøarbeid i ungdomsskulen. Gjennom samarbeidsavtalar er den einskilde ungdomsskule i partnerskap med MOT.

Stiftinga MOT og den einskilde ungdomsskule i kommunen har definert eit felles mål for samarbeidet i avtalen «Robust ungdom 12-16»:

«Robust ungdom, som inkluderer alle. Ungdom med bevissthet og mot – mot til å leve, til å bry seg og til å si nei. Varmere og tryggere samfunn.»

Det er 6 månaders gjensidig rett til oppseiing av avtalen.

I tillegg har skulane samarbeidsavtale med MOT i forhold til tilleggsprogrammet «Skolen som samfunnsbygger». Formålet med denne tilleggsavtalen er skildra slik i avtaleteksten:

- *Forsterke unge rollemodeller og voksnes felles forståelse for viktigheten av å skape en kultur der alle er inkludert*
- *Styrke rektor, skolepersonalet, unge rollemodeller og lokalsamfunnets foreldre, trenere og ledere som samfunnsbyggere*
- *Styrke en skole og et lokalsamfunn der alle blir sett på en positiv måte*
- *Forsterke en felles verdiplattform i skolen*

Tilleggsavtalen har same oppseiingsrett som avtalen «Robust ungdom 12-16».

Vedlagt saka følgjer eit eksemplar av desse avtalane.

Sakshistorikk

Utviklinga i forhold til demografi og økonomi tilseier at det er behov for å redusere kostnadene til drift i sektor oppvekst. I den samanheng har det ved fleire høve vore vurdert å avslutte avtalen med MOT.

For å svare ut bestillinga i verbalpunktet er det henta inn synspunkt frå ulike partar, og ungdomar og tilsette i både Ung Alver og skulane har fått høve til å melde inn sine synspunkt i forhold til kva dei opplever er styrkane med MOT og moglege alternative tiltak som kan sikre eit aktivt arbeid i forhold til å styrkje førebyggjande arbeid med skulemiljø dersom avtalane med MOT blir avslutta.

Behov

Vurderingsgrunnlag

Som skuleeigar har kommunen eit overordna ansvar for at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Dette er regulert i kap. 12 i opplæringslova. I § 12-3 i opplæringslova står det: Skolen skal ikkje godta krenkande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Elevane sine rettar etter kapittel 12 gjeld for skuletida, leksehjelpordninga og skulefritidsordninga.

Retningsline for arbeid med skulemiljø i Alver kommune, saman med tilhøyrande prosedyre og rutinar definerer korleis skulane skal følgje opp lovkrava i forhold til elevane sitt skulemiljø. Dokumenta inngår i kommunen sitt internkontrollarbeid og er tilgjengeleg for alle tilsette i kvalitetssystemet til kommunen. Skulane har lokale handlingsplanar for arbeidet med skulemiljøet i tillegg.

Vidareføring av MOT-programmet er forankra i kommunedelplan for oppvekst, i tiltaket Vidareføre Salto og MOT i ungdomsskulen, som er presentert i handlingsdelen i planen.

MOT-programmet er definert og oppfatta som eit førebyggjande tiltak i arbeidet med skulemiljøet for elevane i ungdomsskulen. Ein liten del av arbeidet omhandlar det å besøkje elevane på 7. trinn og informere om MOT, slik at dei har kjennskap til MOT før dei byrjar på ungdomsskulen.

Innspel til saka

For å sikre breidde i vurderingsgrunnlaget i denne saka, er det henta inn synspunkt frå ungdomsråd og tilsette i Ung Alver og skulane. I det følgjande blir hovudtrekka i desse innspela presentert.

Både ungdomsråd og tilsette i Ung Alver melder at MOT gir eit felles verdi- og kulturgrunnlag med fokus på mot, omsorg og inkludering. Dei uttrykkjer at MOT er eit viktig førebyggjande tiltak mot rus, psykiske helseproblem og konflikhtar. Dersom MOT blir avvikla, er dei bekymra for at ungdom mister arenaen for å lære om livsmeistring og det å ta egne val, og lærarar og ungdomsarbeidarar verktøy og felles språk for inkludering og livsmeistring. Ei oppsummering av innspela frå ungdomsråd og tilsette i Ung Alver følgjer ved saka.

Uttale frå Barn- og unges talsperson, som vart sendt inn i samband med politisk sak 124/2025: Alver i endring og omstilling – fase 2, er også lagt til grunn i denne saka. I uttalen peikar kontaktperson for barn og unge på at ungdom seier at MOT er eit viktig supplement til både skule og fritid, og at det gir rom for gode samtalar om haldningar, respekt og samhold. Representanten uttrykkjer vidare at signala er tydelege på at ungdomane ønskjer å halde fram med MOT, og at det ikkje bør prioriterast ned i økonomiske innsparingar. Det blir også formidla at ungdom fortel at MOT er særleg viktig i overgangen frå barneskule til ungdomsskule. Mange fortel at dei kjende seg tryggare og meir inkluderte på ungdomsskulen etter å ha delteke i MOT-øktar. Uttalen følgjer ved saka.

Dei fleste rektorane har gitt uttale i forhold til å avvikle MOT-programmet. Det er rektorane i ungdomsskulane som er mest positive til MOT, og som uttrykkjer at det vil vere uheldig om avtalen blir avslutta.

Nokre argument som blir fremja for å behalde MOT-programmet: I ei tid der stadig fleire unge strevar med psykiske utfordringar, er det avgjerande at skulen har verktøy som styrkjer elevane si livsmeistring, sjølvkjensle og evne til å stå i motgang. MOT er eit viktig førebyggjande tiltak. Sjølv om forskning ikkje viser særleg effekt, veit vi ikkje korleis det ville vore utan MOT-arbeidet.

Andre innspel frå rektorane i forhold til om MOT-programmet skal vidareførast: Det er viktigast med pedagogar i skulen. Verdiane til MOT er uangripelege, men eg er usikker på kor robust ungdommen vert av opplegget. Det er viktigast med pedagogar i skulen, om det er det som må forsvinne om ein ikkje tek vekk slike tiltak som MOT. Skulen har svært utbytte av programmet. MOT-programmet er noko ungdomane verkeleg treng. Positive tilbagemeldingar frå elevar og føresette i forhold til MOT. Miljøskapande tiltak bør vere noko som ligg som eit ansvar på alle, ikkje berre ein spesialist per skule. Dermed kan MOT avviklast. Det er viktigare å behalde lærarnorma.

Moglege alternativ til MOT - innspel frå ungdomsrådet

Å innføre trivselsleiarar (TL) også i ungdomsskulane. Dette er noko fleire av barneskulane har tatt i bruk.

Vidare seier ungdomsrådet at eit alternativ kan vere å styrkje klassens time og elevrådet si rolle, arbeide for sterkare involvering av foreldre, idrettslag og fritidsarenaer inn i arbeidet i skule. Skulane kan ha fleire temaveker og klassesamtalar om skulemiljøet, innføre mentorar for elevane (vaksne eller eldre ungdomar), gje støtte til elevaktivitetar og samarbeid mellom skule og fritid.

Ungdomane kjem også med innspel om å ha fleire foredrag med kjende personar for å engasjere ungdomane, samt å tilsetje fleire miljøterapeutar i skulen.

Moglege alternativ til MOT – meldt frå tilsette i Ung Alver

Dersom MOT blir avvikla, kan det vere aktuelt å auke opp innsatsen i forhold til oppsøkjande arbeid, til dømes ved at fleire frå Ung Alver deltek i dette, ikkje berre tilsette frå Salto. Vidare kan det vere aktuelt at Ung Alver og skulane samarbeider om temadagar, elevkveldar og ulike workshop om vennskap, psykisk helse og identitet.

Til liks med representantane frå ungdomsrådet seier tilsette frå Ung Alver at det bør leggjast til rette for aktivitetar i friminutt og at arbeidet med skulemiljøet er synleg for elevane, både i regi av Ung Alver, frå skulen og gjerne andre fagmiljø.

Dei kjem også med innspel om å styrkje samarbeidet mellom Ung Alver og skuleleiinga, at Ung Alver kan delta på foreldremøte og at skulane bør styrkje klassens time samt ha miljøtime med leikar og refleksjonsaktivitetar.

Rektorane har meldt inn følgjande alternativ til MOT


Fleire av barneskulane har TL-ordninga (trivselsleiar), der elevar blir «kursa» i korleis leggje til rette for aktivitetar i friminutt. Dette har ein positiv effekt i forhold til å dempe konfliktnivået mellom elevar i friminutta, og bidrar positivt til engasjement og relasjonsbygging. Rektorar stiller spørsmål ved om dette også kan vere eit alternativ for ungdomsskulane. Trivselsprogrammet har også ein kostnad frå omlag kroner 16500 per skule per år.

Andre innspel frå rektorgruppa er at det vil vere fleire program/verktøy som kan støtte skulane i det sosialfaglege arbeidet, til dømes *Link til livet* og *Pals*. Eit anna verktøy er *Psykologisk førstehjelp*, *Hjelpehanda* og *Grønne Tanker*, som er eit gratis undervisningsopplegg frå Solfrid Raknes (Psykolog, fagutvikler, forsker). Det er i bruk fleire stader rundt om i verda. Materiellet er tilgjengeleg på ukrainsk, arabisk, engelsk, nederlandsk, fransk og norsk. Hjelpehanda er eit simuleringsspel der ungdom øver på å takle kjenslemessige utfordrande situasjonar og samtidig lærer eit enkelt og godt problemløysningssystem. Uavhengig av om skulane har program eller samarbeidsavtalar med eksterne tilbydarar, må det jobbast med å styrkje elevane sine sosiale ferdigheiter og sosial kompetanse.


Rektorar understreker også at dersom MOT blir avvikla, må skulane sikre at det blir satt inn andre tiltak som arbeidar for dei same verdiane som MOT står for. Det er uttrykt ønskje om å ta vare på ei besøksordning mellom barne- og ungdomsskule, og at dette kan takast vare på utan å bruke MOT. Det blir stilt spørsmål ved om eigne tiltak kan erstatte MOT, som er eit kostbart program, samt peika på at vi kan ikkje ta bort årsverk lærarar for å behalde MOT.

Lokal MOT-undersøking Alver


Det blir gjennomført ei lokal MOT-undersøking ved den einskilde ungdomsskule årleg. I denne undersøkinga er det elevar på ungdomstrinnet som er respondentar. I undersøkinga skal ungdommane ta stilling til ulike påstandar, mellom anna i forhold til opplevingar og betydinga av MOT. Under følgjer nokre klipp frå resultata. Det vart ikkje gjennomført lokal MOT-undersøking ved Meland ungdomsskule i fjor, så difor har vi ikkje resultata frå Meland.




Knarvik ungdomsskule




Radøy ungdomsskule



Lindås ungdomsskule



Ostereidet ungdomsskule



Rosslund skule

Det er skilnader skulane i mellom i forhold til elevane sine vurderingar av MOT. Knarvik, Radøy, Ostereidet og Rosslund har positiv utvikling i forhold til samanlikna årstal tidlegare år, medan Lindås har ein reduksjon i forhold til i kor stor grad elevane er samde med påstandane. Det vil vere naturlege variasjonar i skulane sine resultat frå år til år.

Inkluderande skulemiljø

Ny opplæringslov per 01.08.2024 løfter pedagogen si rolle i det sosial-faglege arbeidet og ser det faglege og sosiale som to sider av same sak. I læreplanverket (LK20) – overordna del, står det:

«Elevens identitet og selvbilde, meninger og holdninger blir til i samspill med andre. Sosial læring skjer både i undervisningen og i alle andre aktiviteter i skolens regi. Faglig læring kan ikke isoleres fra sosial læring. I det daglige arbeidet spiller derfor elevenes faglige og sosiale læring og utvikling sammen» (udir.no)

I prosjektet universell pedagogikk arbeider vi med å inkludere miljøarbeidet i den daglege drifta i klassen og på skulen. Vi treng å identifisere både dei elevane som har eksternalisert adferd og utagerande uttrykk, og dei elevane som har internalisert adferd og som ønsker å vera usynlege. Forsking viser at gode sosiale og emosjonelle ferdigheiter predikerer betre akademiske ferdigheiter.

I alle aktivitetar i skulane må vi i større grad treffe med tilpassing for heile menneske slik at dei kan oppleve meistring og motivasjon til læring. På planleggingsdagen 7.november fekk vi ein tydleg bodskap om at friminuttet er ein kjempeviktig arena for lærarane å byggje fellesskap og relasjonar med elevane. Det blir understreka kor viktig det er å arbeide med å forbetre relasjon mellom lærar og elev, og å investere i å vise interesse for elevane sine liv. Veileidarane frå Universitetet i Oslo understrekar at pedagogane har kompetansen og må gjera gode pedagogiske vurderingar for å tilpasse for alle elevane i læringsfellesskapet.

Partar

Det er vurdert at elevar og tilsette i ungdomsskulen er dei mest sentrale partane i denne saka. Dette fordi MOT er eit program i ungdomsskulane i Alver kommune.

Andre partar er ungdomsråd og tilsette frå Ung Alver og tilsette i skulane som jobbar som MOT-coachar.

I samband med førebuing av denne saka, er det henta inn synspunkt frå skulane, ungdomsråd og tilsette i Ung Alver. Oppsummering av innspela frå ungdomsråd og Ung Alver følgjer ved saka. Innspel frå elevråda i samband med økonomiplanen er også tatt med som vurderingsgrunnlag i saka.

Ei saksutgreiing som vedkjem barn og unge skal også inkludere ei vurdering av kva som er best for denne gruppa. Brorparten av innspela i denne saka argumenterer for å behalde MOT-programmet i ungdomsskulane. Å halde fram med MOT vil difor truleg vere eit tiltak mange elevar i ungdomsskulen vil oppleve positivt.

Dersom ressursar til å finansiere vidareføring av MOT blir henta frå pedagogressursen til skulane, vil dette føre til at tildeling av årsverk til skulane må reduserast tilsvarande. Reduksjonen i tal årsverk vil då kome i tillegg til eventuelle justeringar knytt til demografi og skulestruktur, og vil samla sett føre til lågare pedagogressurs i både barne- og ungdomsskulane i kommunen. Det kan tenkjast at dette vil vere til det beste for elevane i ungdomsskulane, medan elevane i barneskulane hadde hatt best av at ressursen vart nytta til undervisning.

Vurdering

I innspela som er kome inn i samband med førebuande arbeid i denne saka, er det fleire som seier at arbeidet med MOT er svært viktig for elevane si trivsel og meistring i skulekvardagen. MOT er ei støtte for elevane i forhold til å ta eigne val, sjå sine medelevar og stoppe opp når dei opplever urett. Mange elevar er positive til MOT-øktene, og seier det er kjekt med timar med anna innhald enn tradisjonell skule. I lys av desse innspela, vil det kunne argumenterast for at Alver kommune bør halde fram med MOT-programmet i ungdomsskulane.

Så langt er det ikkje registrert innspel om at vidare finansiering av MOT-programmet bør gjennomførast ved å redusere tilsvarande tal årsverk i skulane. Innspela om å vidareføre drifta av MOT er i større grad knytt til elevane si oppleving eller utbytte av MOT-arbeidet, enn i forhold til korleis sikre økonomiske rammer til drift av programmet. Nokre rektorar har meldt inn at MOT ikkje bør gå til fordel for årsverk lærarar. I framlegg til økonomiplan for 2026-2029 er det lagt inn reduksjon på 15 årsverk pedagog kvart år i økonomiplanperioden, i tillegg til ny prosess i forhold til skulestruktur. Dersom desse tiltaka blir vedtatt politisk, skal skulane gjennomføre ein relativt omfattande reduksjon i tal årsverk dei komande åra.

Førebyggjande arbeid i skulen er viktig, og noko skulane skal arbeide med kontinuerleg. I innspel til saka blir det fremja at førebyggjande arbeidet bør ikkje vere knytt til einskilde ressursar, tiltak eller personar, men noko alle tilsette i skulen har ei aktiv rolle i forhold til. Elevane sine rettar gjeld kvar dag, kvar time og i alle situasjonar. Ut frå denne forståinga, vil det kunne argumenterast for at det førebyggjande arbeidet er av ein slik karakter at det bør jobbast aktivt for at alle tilsette innehar tilstrekkeleg kompetanse, erfaring og tryggleik til å ta ei aktiv rolle i forhold til skulemiljøarbeidet.

Dersom alle vaksne i skulen utøver rolla som skissert over, kan det vere mindre behov for ulike program eller tiltak knytt til førebyggjande arbeid. Skulemiljøet blir forma og utvikla gjennom samhandling og læring i fellesskapet, og blir drifta av pedagogar, andre tilsette og elevar som er på skulen kvar dag. Dette vil vere i samsvar med tilrådingar frå Universitetet i Oslo i samband med prosjektet Universell pedagogikk.

Samla sett vil det vere behov for å prioritere kva ressursane til skulane skal nyttast til. På den eine sida kan det vere riktig å halde fram med tiltak som har vore i drift over lengre tid, som gir stabilitet og positiv energi til skulemiljøet. På den andre sida kan det vere behov for å prioritere å bruke ressursane til opplæring, då demografiutviklinga krev at kommunen tilpassar drifta til dei økonomiske rammene. I ei tid med færre elevar, er det behov for å gjere tøffare prioritering i høve til dei lovpålagte oppgåvene.

I eit tredje perspektiv kan det hevdast at i ei tid med knappare ressursar vil det vere viktig å verne om arbeidet med skulemiljøet. Spørsmålet blir då om dette kan gjennomførast uavhengig av MOT. Det er kome inn gode innspel til korleis skulane, elevråd og Ung Alver kan samarbeide kring utvikling av skulemiljøa dersom MOT blir avvikla. Fleire av forslaga er av ein slik karakter at dei kan etablerast uavhengig av om kommunen har MOT-programmet eller ikkje. Det er positivt at Ung Alver ønskjer å bidra så sterkt inn i skulemiljøarbeidet, og

eit sterkare samarbeid mellom dei og skulane, kan bidra til ei styrka innsats i forhold til elevane sitt skulemiljø. I lys av resultat frå både Ungdata og Elevundersøkinga er det både ønskjeleg og behov for å betre elevane sine opplevingar av tilhøyrse til fellesskapet, inkludering, vennskap og trivsel.

Dei lokale MOT-undersøkingane viser at det er variasjonar i forhold til korleis elevane i ungdomsskulane i kommunen vurderer effekten av MOT. Dette kan ha samanheng med kor stor grad elevane har tatt til seg verdiane til MOT, aktivitetane MOT-øktene er tilpassa aldersgruppa, i kor stor grad elevane deltek i aktivitetar og leikar, samt relasjonane i gruppa.

I vurderinga kan det vere aktuelt å tenkje over om det skal vere opp til den einskilde skule å avgjere korleis dei vil arbeide med skulemiljøet, eller om det skal vere nokre tiltak som er felles for alle skulane. Skulane har ulik storleik og demografi, og vil kunne ha ulike behov i forhold til førebyggjande arbeid. For å få best mogleg effekt av førebyggjande program eller tiltak, er det avgjerande i kor stor grad den einskilde skule lukkast i å følgje opp innhaldet i programmet. Det kan stillast spørsmål ved om skulane i større grad lukkast i å involvere elevar, føresette og tilsette i metodikk og retning dersom dei sjølv har styringa på innhaldet. Til dømes gjennom arbeid i klassane, ved å kombinere arbeidet med det faglege og det sosiale, med fokus på å styrkje relasjonsarbeidet mellom elevane og mellom vaksne og elevar.

Felles tiltak for alle skulane i kommunen kan vere med på å sikre eigarskap og fellesskap til ei satsing. Arbeidet med MOT er eit døme på dette. Skulane får felles språk og elevar veit litt om kva som møter dei før ungdomsskulen. Tilsette er kjend med innhaldet og treng ikkje bruke tid på å utvikle eigne tiltak for si gruppe. Dette kan sjåast i samanheng med innspel frå tilsette frå Ung Alver og skulane om at MOT gir ein felles metodikk i forhold til arbeidet med skulemiljø og tryggleik i eiga rolle som elev.

Alternativ

Fleire av alternativa som er skissert, peikar på tettare samarbeid mellom skulane, elevråd, Ung Alver og idrettslag eller andre fritidsarenaer. Dette er tiltak som kan gjennomførast utan at det utløyser ekstra kostnader for kommunen. Det vil vere behov å etablere møtepunkt for samhandling, men det kan gjerast innafor dei eksisterande rammene til tenestene.

Nokre av alternativa har fokus på auka frekvens av allmennpedagogiske tiltak i skulen, i form av «fellesskapande aktivitetar», styrking av metodikk rundt klassens time, eksterne foredragshaldarar m.m. Det meste av desse forslaga vil også kunne gjennomførast innafor eksisterande rammer.

Framlegget om å etablere trivselsleiarar også i ungdomsskulane, vil bety at kommunen må betale ein sum per skule for deltaking. Ved deltaking får skulane tilbod om to årlege leike- og aktivitetskurs for trivselsleiarane, aktivitetskurs for tilsette, invitasjon til nettverksmøte og erfaringsutveksling, invitasjon til webinar i regi av Trivselsprogrammet og tilbod om å delta på eit årleg seminar i regi av Trivselsprogrammet. Kvar skule skal peike ut minimum

ein tilsett som får hovudansvar for elevane som er trivselsleiar (TL) ved sin skule, som blir TL-ansvarleg (TLA). Skulane får oppfølging av ein regionsansvarleg frå Trivselsprogrammet.

Kostnad for ein mellomstor barneskule i Alver kommune er 20.000 kroner i året. Ingen av ungdomsskulane i Alver kommune er med i TL-programmet, men Trivselsprogrammet har tilbod om deltaking frå 4.-10. trinn. På nettsida til Trivselsprogrammet kan vi lese at dette er Skandinavias største program for aktivitet og inkludering i barne- og ungdomsskulen, og at programmet er i bruk i meir enn 1400 skular i Skandinavia. Det blir vidare informert om at Trivselsprogrammet er eit heilskapleg skuleprogram med fokus på auka aktivitet og inkludering i undervisninga. Dei har ressursar som Aktiv Læring og Move it, som gir støtte til dette.

Det er mogleg det også er andre alternativ som bør greiast ut. Det kan difor vere nyttig at det blir gitt eit oppdrag til tenestene om å arbeide vidare med dette temaet, utan at det blir fatta vedtak om eit konkret tiltak i denne saka.

Økonomiske konsekvensar

Dersom kommunen avsluttar samarbeidet med MOT vil dette gje ei samla innsparing på omlag 1 million kroner.

For å få oversikt over kostnader ved å innføre TL-programmet i alle skulane i kommunen, bør det hentast inn eit pristilbod. Det bør i denne samanheng også vurderast om det er krav om å gjennomføre ein anskaffingsprosess.

Dersom kommunen initierer og gjennomfører førebyggjande tiltak i forhold til skulemiljøet innafor det allmennpedagogiske innhaldet i skulane, vil dette ikkje utløyse behov for ekstra ressursar.

Miljømessige konsekvensar

Dette er vurdert å ikkje vere aktuelt i denne saka.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Saka kan bidra til auka tverrfagleg samarbeid rundt skulemiljøet i skulane.

Vurdering av særskilte grupper

Saka er i hovudsak knytt til den samla gruppa, ikkje einskilte elevar. Dersom vidareføring av MOT-programmet skal finansierast innafor tenestoområde skule si budsjetttramme, kan det føre til reduksjon i ressursar til opplæring.

Kommunedirektøren si tilråding

Dei ulike aktørane som har gitt innspel til denne saka har kome meg fleire gode framlegg til korleis det kan jobbast for å styrkje det førebyggjande arbeidet retta mot elevar på ungdomstrinnet. Fleire av innspela er knytt til samarbeid på tvers, sterkare involvering av ungdom og arbeid med aktivitetar som styrkjer fellesskapet i skulen.

Det kan vere nyttig å arbeide vidare med desse innspela, og kanskje også få fleire innspel frå elevane i ungdomsskulen. Det vil vere positivt ut frå fleire omsyn å styrkje samarbeidet rundt ungdomane i kommunen.

Kommunedirektøren rår difor kommunestyret til å fatte følgjande vedtak:

Førebyggjande arbeid i skulen blir arbeidd med innafor dei allmennpedagogiske rammene i skulen. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren legg til rette for samarbeid mellom skulane, elevråda og Ung Alver om korleis dette arbeidet skal organiserast og driftast. Kommunestyret ber også om at utval for levekår blir orientert om utviklinga i saka.

Vedlegg

- 1 Vedlegg Oppsummering innspel om skulemiljøarbeid - ungdomsråd og Ung Alver